



Notat

Dato: 09.08.2017
Arkivsak: 2017/5077-3
Saksbehandlar: karnybo

Til: Utval for Opplæring og helse
Utval for miljø og samferdsel
Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Tilrettelegging for sykling i Hordaland fylkeskommune

Med 4500 tilsette og 18 000 elevar har Hordaland fylkeskommune sjansen til å leggje forholda til rette for at fleire av desse syklar til og frå jobb eller skule.

Dette er eit tema som der samarbeid på tvers av sektorar kan gi gode resultat. Difor er det viktig også å få rapport frå Samferdselsavdelinga om framdrift i arbeidet med å utvikle infrastrukturen for sykling for alle innbyggjarar i Hordaland (siste sak 2015/76-2 Oversyn over kva Hordaland fylkeskommune har fått til i høve til sykkel).

Reisevaneundersøkinga som Asplan Viak gjennomførte for alle Klimapartnarar i Hordaland våren 2017 syner at det viktigaste for at tilsette i Hordaland fylkeskommune som kører bil til jobb minst to dagar i veka heller skal sykle, er **«fleire og meir samanhengande sykkelvegar»**.

Dessutan er det viktig med tilrettelegging for sykling i alle fasar av arbeidet vi gjer. Til dømes kan ein truleg finne betre, meir effektive og rimelegare løysingar for sykkelparkering/ tørkerom og garderober om det blir planlagt og bygd i samband med nybygg og større rehabiliteringar enn om det skal kome som tillegg i etterkant.

Denne referatsaka gir litt informasjon om fire områder det er jobba på:

1. Oppfølging av politisk vedtak om kr 2 mill i 2017-budsjettet til sykkelparkering/ tørkefasilitetar ved vidaregåande skular
2. El-syklar til lutlån til elevene ved Amalie Skram videregående skole
3. El-syklar til korte tenesterreiser for tilsette
4. Fossilfrie arbeidsdagar - kampanje våren 2017

1. Oppfølging av politisk vedtak om kr 2 mill i 2017-budsjettet til sykkelparkering/ tørkefasilitetar ved vidaregåande skular.

Eigedomsavdelinga, opplæringsavdelinga, samferdselsavdelinga og regionalavdelinga har i samarbeid følgt opp vedtaket og responsen frå skulane. Prioritering mellom dei interesserte skulane er gjort med

bakgrunn i eksisterande fasilitetar ved skulen, arbeidet med skulebruksplanen, estimat over kor mange som kan kome til å nytte tilbodet og regionsenterfunksjon.

Innafor ramma på kr 2 mill,, er det prioritert tre skular i første omgang:

- Knarvik vidaregåande skole – Juvikstølen
- Stord vidaregåande skole – Vabakken
- Olsvikåsen vidaregåande skule

Då fylkeskommunen våren 2017 fekk tilskott på kr 320.000,- frå Statens Vegvesen, kom også Langhaugen vidaregåande skole med. Tilsvarande beløp i Klimaplan for Hordaland 2017 blir nyttå ved Odda vidaregåande skule som del av pågående byggeprosjekt.

Prosessene er i gang på Knarvik, Langhaugen, Olsvikåsen og Stord. Konkuransen blir sendt ut i august og ein håpar å ha kontrahert sykkelskurene i løpet av året. Eigdomsavdelinga er i dialog med skulane for å finne løysingar for tørk/garderobe


Fylkeskommunen søkte Miljødirektoratet om ytterlegare kr 2 mill frå «Klimasats» for å setje i gang arbeid ved fleire skular, men fekk avslag med følgjande grunngjeving:

«Prosjektet fremstår som positivt for å legge til rette for sykling til de videregående skolene. Vi vurderer likevel at tiltaket antagelig vil ha begrenset effekt på reduserte klimagassutslipper, uten at det kombineres med andre tiltak, spesielt tiltak for å begrense biltrafikk, for eksempel redusert mulighet til å parkere med bil på de aktuelle stedene. Vi har derfor ikke prioritert støtte til dette tiltaket.»

Av dei 22 vidaregåande skulane som meldte si interesse for sykkelparkering/tørkerom, står no Arna vidaregåande skole og Bergen katedralskole som dei neste på ventelista.

2. El-syklar til utlån til elevane ved Amalie Skram vidaregående skole

Handlingsprogrammet i Klimaplan for Hordaland har finansiert av innkjøp av ti el-syklar, skap og garderobestativ til Amalie Skram VGS. Sjølv om skulen har rimeleg bra sykkelparkeringsanlegg i utgangspunktet, trengte dei litt meir tilrettelegging. Til dømes har dei nybygde små skapa innebygd ladeplass for sykkellatteriet. Ideen er utvikla i samarbeid med Norges Naturvernforbund-Hordaland. Rektor har fått utvikla eit velfungerande bestillingssystem som ligg på nett saman med gode retningslinjer : <http://sykkel.asvg.no/>



Bilde 1 Amalie Skram VGS fekk tilskot frå Klimaplanen til å kjøpe el-syklar for utlån til elevar. Elektronisk bestilling er på plass.

3. El-syklar til korte tenesterreiser for tilsette

I 2016 vart det løyvd kr 10.000 i tilskot pr sykkel frå Klimaplanens handlingsprogram til 35 el-syklar etter søknad. Syklane er tenkt bruket til reiser i arbeidstida. I 2016 var det ein tannklinik, to OT/PPT-kontor, Bybanen Utbygging og 19 ulike vidaregåande skular som fekk tilskott. I 2017 er det delt ut tilskott til 10 nye sykler. Det er Voss Gymnas, Austrheim, Odda, Austevoll og Olsvikåsen VGS som satsar på dette i 2017.

El-sykler har blitt særskilt populære for kortare tenestereiser i løpet av arbeidsdagen også på Fylkeshuset. I 2016 var 145 utlån av dei to nye el-syklane og 114 utlån av tråsykler.

4. Fossilfrie arbeidsdagar –kampanje

Kampanjen for at tilsette skal bli meir fossilfrie i arbeidskvardagen gjekk frå 19.april -4.mai 2017 og Fylkesrådmannen opna den på Fylkeshuset. Arbeidsreiser og meir bruk av Skype framfor å reise til møte, var hovudtema. Ein del av opningsmarkeringa var at Hordaland Fylkeskommune blei utpeikt som Sykkeldynamo av Sykkelsjefen i Bergen, Einar Grieg.



Bilde 2 Sykkelsjefen i Bergen, Einar Grieg overrekker SYKKELENDOMO-diplom til Fylkesrådmann Rune Haugsdal.

- «Sykle til jobben» er ein aksjon som alle tilsette i fylkeskommunen fekk tilbod om å delta i.



Bilde 3 Team kontor frå Stord VGS vann lagkonkurransen i Sykle-til-jobben i Hordaland fylkeskommune. Namn frå venstre: Tove Volden Nygård, Elin Bakke Korsvik, Cathrin Innvær Lohne, Cecilie Berger, Astrid Haugland. Premien er dei vanntette ryggsekkane.

Det var 340 registrerte frå fylkeskommunen då Sykle til jobben-aksjonen vart avslutta i juni 2017. Dette betyr at 7,5% av dei tilsette registrerte sykling, gange eller andre fysiske aktivitetar i perioden. Deltakinga i Sykle til jobben vart finansiert over Klimaplanen/internt miljøhandlingsprogram og delvis av Bergen kommune.

- Sykkelservice vart tilbuddt våren 2017 ved fleire vidaregåande skular: Voss Gymnas, Kvinnherad VGS, Stord VGS, Amalie Skram VGS, Langhaugen VGS, Fyllingsdalen VGS og Bergen Katedralskole og Fylkeshuset. Sykkelreparatør stillte då på arbeidsplassen og dei tilsette leverte sykkelen inn om morgonen og fekk han att om ettermiddagen mot at dei sjølv betalte for delar.



Bilde 4 Kathrin Jakobsen hentar sykkelen etter service på Fylkeshuset. Der er også installert vaskestasjon og sykkelpleiestasjon for å gjøre det meir attraktivt å sykle.